



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg: AU i verneområdestyret for SVR
Møtested: Teams
Dato: 16.12.2021
Tidspunkt: 08:30

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 90505902. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.



Villrein og måne, foto Frank Haugom

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
AU 57/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 58/21	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 59/21	Orienteringssaker
AU 60/21	Innmelding av behov for tiltaksmidler og bestilling av tenester frå SNO for 2022
AU 61/21	Svar på søknad om bygging av vedbod på fritidshytte i Grytdalen i Sirdal kommune, SVR-LVO
AU 62/21	Eventuelt

AU 57/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

**AU 58/21 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen
saman med styreleiar**

AU 59/21 Orienteringssaker



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/9848-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 10.12.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	60/21	16.12.2021

Innmelding av behov for tiltaksmidlar og bestilling av tenester frå SNO for 2022

Forvalters innstilling

I tråd med saksutgreiinga, melder AU i Verneområdestyret for SVR inn følgjande behov for tiltaksmidlar og bestilling av tenester av SNO for 2022.

Tiltaksmidlar:

Nr	Tiltak	Stad	Sum
<u>Pågåande skjøtselstiltak</u>			
1.	Skjøtsel slåtteyr, Vidmyr	Vidmyr NR/Bykle	40.000
2.	Skjøtsel slåtteyr, Store-Hisdal	Hisdal NR/Bykle	15.000
3.	Skjøtsel slåtteyr, Stovo	Dyraheio/Suldal	30.000
4.	Skjøtsel slåtteyr, Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	40.000
5.	Skjøtsel slåtteyr, Øyastølsmyra	Øyastøl/Hjelmeland	30.000
6.	Rydding slåtteyr, Jonstøl	Dyraheio/Suldal	20.000
7.	Evaluering av skjøtselstiltak	Øyastøl/Hjelmeland	25.000
8.	Brenning av kratt ved Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	30.000
9.	Bekjemping av parkslirekne	Nordraheia/Hjelmeland	30.000
	<i>Sum pågåande skjøtselstiltak</i>		260.000
<u>Andre tiltak</u>			
10.	Rydding av søppel langs stien til Kjerag	Frafjordheiane/Sandnes	20.000
11.	Utbetring av ferdselsveg, Storådalen	Lusaheia/Hjelmeland	50.000
12.	Informasjonsprosjekt i Jøsenfjorden	Vo.heia/N.heia/Hjelmeland	55.000
13.	Restaurering av Leirdalshytta	Dyraheio/Suldal	30.000
14.	Utbetring av kløvveg til Steinkilen	Dyraheio/Suldal	30.000
15.	Ferdsestelling på anleggsvegar	SVR/Sirdal	75.000
	<i>Sum andre tiltak</i>		260.000



Tilretteleggings- og informasjonstiltak på innfallsportar

16. Prosjektering av dagsturhytte, Hovdenuten	SVR/Bykle	200.000
17. Informasjonsskilt på Bortelid	SVR/Åseral	80.000
18. Informasjonsskilt i Solheimsdalen	SVR/Sirdal	80.000
19. Informasjonsskilt på Ådneram	SVR/Sirdal	115.000
20. Informasjonsskilt på Knaben	SVR/Kvinesdal	40.000
21. Informasjonsskilt Høgaleite	Frafjordheiane/Gjesdal	115.000
22. Informasjonsskilt Røssdalen	Frafjordheiane/Gjesdal	120.000
23. Infoinformasjonsskilt Nesflaten	Kvanndalen/Dyraheio/Suldal	260.000
24. Informasjonsskilt ved Galten	Hovden/Bykle	35.000
25. Informasjonsskilt Fundingsland	Nordraheia/Hjelmeland	35.000
26. Informasjonsskilt Førrevassdammen	Lusaheia/Hjelmeland	25.000
27. Informasjonsskilt Øvre Moen	Dyraheio/Suldal	35.000
28. Villreininformasjon på Haukeliseter		30.000
29. Erosjonstiltak på stiar		100.000
<i>Sum tiltak på innfallsportar</i>		1.270.000

Total sum **1.790.000**

Tenester frå SNO:

Oppdrag

Verneområde

Tilsyn/kontroll

Kontroll og registrering av større byggetiltak	Alle
Kontroll av arrangementet Heliboogie ved Kjerag	Frafjordheiane
Kontroll av motorferdsel og oppkøyringstider for Sesilåmi/Hovden Tour	SVR og Hovden
Kontroll av kjentmannsturar	SVR
Kontroll av motorferdsel i sørområdet	SVR
Kontroll av ATV-løyper i sørområde	SVR
Kontroll av tidspunkt for opning/stenging av Brokke-Suleskardvegen	SVR
Kontroll av legging av fiberkabel langs Brokke-Suleskardvegen	

Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)

Oppsetting av nye løveskilt	SVR, Frافjordheiane
Vedlikehald av naturstien ved Håhellervatnet	SVR
Overvaking og utplassering av bilteljar på anleggsvegen til Store Urevatn	SVR
Ferdselsteljingar i skiløypene til Tjønnbrotbu og Berdalsbu	SVR, Hovden

Kartlegging/registrering/overvaking (inkludert bevaringsmål)

Kontroll av status for sårbare rovfugllokalitetar	SVR
---	-----

Naturvegledning/informasjon

Orienteringar til verneområdestyret på styremøte	
Delta på verneområdestyret sine synfaringar	
Orienteringar på opne informasjonsmøte	
Deltaking på møte og synfaringar i tilsynsutvala	



Saksopplysninger

Miljødirektoratet har i brev datert 16.11.2021 bedt om at verneområdestyret melder inn behov for tiltaksmidler for 2022. Dette gjeld for alle verneområda verneområdestyret er forvaltningsstyresmakt for. Fristen for innmelding er sett til 10. januar 2022. Det skal meldast inn behov i prioritert rekkefølge og med nettobeløp, dvs. utan mva. Midlar til tiltak i verneområde er løyvt over Statsbudsjettet, budsjettpost 1420.31. Miljødirektoratet tildeler midlane ut frå postføremål og budsjetttrammer, og verneområdestyret skal sjølv disponere og prioritere bruken av midla dei blir tildelt. Miljødirektoratet framhevar at det overordna målet for bruken tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda skal betrast. Det er derfor viktig at tiltak som bedrar tilstanden til verneverdiane blir prioritert høgt. I dokumentet: «Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2020-2025» har derfor Miljødirektoratet lagt opp til at ulike typar tiltak skal prioriterast i denne rekkefølga:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk
5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)

Tiltak som er ein del av besøksforvaltninga i eit verneområde, skal forankrast i ein eigen besøksstrategi. Besøksstrategien for SVR vart godkjent i desember 2018, og kan brukast som grunnlag for prioritering av tiltak.

Det skal og meldast inn bestilling av tenester som ein ønskjer at lokalt SNO personell skal utføre for verneområdestyret i 2022.

Forvaltningssekretariatet har gjennomført eit bestillingsmøte med SNO 09.11.2021. Her vart det gjennomført ei evaluering av 2021 sesongen, og behovet for tilsyns- og kontrollverksemd og bestilling av ulike feltoppgåver vart drøfta. I tillegg drøfta ein prioritering og praktisk gjennomføring av aktuelle tiltak i 2022. SNO hadde ikkje klart å gjennomføre alle feltoppgåvene som vart bestilt av SVR i 2021. Dette skyldast at lokalt SNO personell har hatt omfattande oppgåver med overvaking av villrein langs E134. SNO gjorde og merksam på at den vanskelege ressursituasjonen ville halde fram i 2022, og at dette ville medføre mindre tid til oppgåver i SVR. Det vil likevel bli satt av nok ressursar til dei viktigaste kontrolloppgåvene i verneområda.

Vurdering

Innmelding av behov for tiltaksmiddel i 2022

Forvaltningssekretariatet har hatt møter og anna kontakt med fleire kommunar og ulike samarbeidspartnarar om kva vi bør prioriter av tiltak i 2022. Det gjekk og ut eit brev til kommunane kor ein bad om innspel på kva for tiltak frå besøksstrategien som burde gjennomførast dette året. Med bakgrunn i desse innspela, føringar i besøksstrategien og egne erfaringar, har vi utarbeidd ei prioritert liste over tiltak vi meiner treng midlar i det komande året. Ettersom Miljødirektoratet sine føringar for prioriteringa av tiltaksmidler for 2021 var svært tydelege, så har desse og blitt tillagt stor vekt. Dette medfører mellom anna at vi ikkje har prioritert oppstart av nye skjøtelsprosjekt eller tilretteleggingstiltak som ikkje er forankra i besøksstrategien.



2022 blir det tredje året der tiltaka i besøksstrategien skal settast ut i livet, og det andre året der vi legg opp til utarbeiding av informasjonsskilt etter «Merkevaren Norges nasjonalparker». På bakgrunn av innspel frå kommunane vil tiltak på innfallsportane Bortelid, Høgaleite, Røssdalen, Nesflaten, Solheimsdalen, Ådneram og Knaben bli prioritert. I tillegg blir det vidareføring av arbeida med utbetringa av turstien til Hovdenuten og etablering av ei dagsturhytte på toppen. Ei rekke andre informasjonstiltak frå besøksstrategien blir og prioritert.

Til saman seks pågåande skjøtselsprosjekt blir vidareført i 2022, og eit av desse blir noko utvida i samsvar med ei evaluering som vart gjennomført i 2021.

I tillegg blir vi nøydte til å sette av pengar til bekjemping av den svartelista arten parkslirekne som vart funnen i Nordraheia naturreservat i sommar.

Det er lagt opp til å melde inn tiltak for til saman kr 1.790.000,-. Dette er truleg ein større sum enn det vi vil få tildelt. For 2021 var tildelinga på kr 900.000,-. Etter forvaltningssekretariatet si vurdering er det likevel viktig og signalisere ovanfor Miljødirektoratet at det er stor aktivitet i SVR, og at det er behov for mykje tiltaksmidlar. Det leggst uansett opp til at verneområdestyret skal foreta den endelege prioriteringa av tiltaksmidlane etter at den økonomiske ramma blir kjent i slutten av februar.

Prioriterte tiltak

1. Skjøtsel av slåttemyr, Vidmyr NR, Bykle kommune

Skjøtselsplan Vidmyr naturreservat er utarbeidd. I tråd med denne er det gjennomført rydding av kratt og slått i 2014 og 2015, samt slått av 10 daa i 2016 og 2017 med motorslåtmaskin. I 2018 vart det ikkje slått. I tråd med skjøtselsplanen vart slått utvida til 15 daa i 2019, og det nye arealet vart slått i 2019, 2020 og 2021.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 40 000 kr til skjøtsel av slåttemyr på Vidmyr.

2. Skjøtsel av slåttemark, Store-Hisdal, Hisdal NR, Bykle kommune

Skjøtselsplan for Hisdal Naturreservat er utarbeidd. I tråd med denne er det gjennomført slått i 2015-2019. Nye retningslinjer for skjøtselen vart utarbeidd i 2018, og skjøtselen i 2020 og 2021 vart gjennomført i tråd med desse.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 15 000 kr til denne skjøtsel av slåttemark i Hisdal.

3. Skjøtsel av slåttemyr, Stovo, Dyrhaio, Suldal kommune

Skjøtselsplan for Stovo er utarbeidd, og rydding av kratt og slått vart gjennomført i 2017-2021 i tråd med denne. I 2021 vart det gjennomført ei evaluering som viste svært positive effekter av skjøtselen. Skjøtselen blir derfor vidareført i 2022 i samsvar med planen og råda frå evalueringa.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 30 000 kr til slått på slåttemyra ved Stovo.

4. Skjøtsel av slåttemark, Mån, Frafjordheiane, Gjesdal kommune

Det er utarbeida skjøtselsplan for Mån, og i tråd med denne er det sidan 2014 gjennomført slått av 25 daa slåttemark. Mån har om lag 25.000 besøk i året, og mange har derfor glede av at kulturlandskapet rundt denne fråflytta garden blir haldt i hevd. I 2021 vart det gjennomført ei evaluering som viste eit behov for ei utviding av arealet som bør skjøttast.

Skjøtselen blir derfor utvida i 2022 i samsvar med råda frå evalueringa.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 40.000 kr til slått på Mån.



5. Skjøtsel av slåttemyr, Øyastølsmyra, Øyastøl NR, Hjelmeland kommune

Det er utarbeida skjøttselsplan for Øyastølsmyra. Sidan 2012 er det gjennomført rydding av einer og lauvkratt, samt uttak av gran i utkanten av denne rikmyra. I 2015 vart det og gjennomført slått på den gamle slåttemyra. I 2016 og 2017 vart det ikkje gjennomført tiltak på grunn av manglande avtaler med grunneigar. Ny avtale er nå på plass og ny myrslått vart gjennomført i 2018, 2019, 2020 og 2021. Ei synfaring hausten 2018 viste store oppslag av einstape i områda som var rydda for einer. Det er stort behov for bekjemping av denne, og dette tiltaket vart gjennomført i 2019, 2020 og 2021. Tiltaket har vist gode resultat og vil bli vidareført i eit litt mindre omfang i 2021.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30 000 kr til skjøttselen av slåttemyra på Øyastøl.

6. Skjøtsel av slåttemark, Jonstøl, Dyraheio, Suldal kommune

Skjøttselsplan for Jonstøl er utarbeidd, og rydding av bjørk og einer kratt er tiltaka som er tilråda. Skjøttselen av området vart starte opp i 2019, og vidareført i 2020 og 2021 i samsvar med planen. Turisthytta Jonstøl har om lag 2000 besøk i året, og mange har derfor glede av at kulturlandskapet rundt denne stølen blir haldt i hevd.

Sekretariatet foreslår at vi søker om kr. 20 000 til rydding av slåttemarka ved Jonstøl.

7. Evaluering av skjøtselstiltaka på Øyastølmyra, Øyastøl, Hjelmeland

Det bør gjennomførast ei evaluering av effekten på skjøttselen som har pågått i over 10 år. Her vil det bli avklart om skjøttselen skal halde fram, eventuelt justerast eller avsluttast. Eit eksternt konsulentfirma vil bli engasjert til å gjennomføre evalueringa.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 25.000 kr til evaluering av skjøtselstiltaka på Øyastøl.

8. Brenning og gjerding ved Solblomlokalitet, Mån, Fráfjordheiane, Gjesdal kommune

Sommaren 2021 vart det på nytt funne ein solblomlokalitet på Mån. Solblom er nå kritisk truga (CR) på den nye raudlista, og det må settast i verk tiltak for å beskytte lokaliteten. Både gjerding og brenning er foreslåtte som tiltak av Ecofact.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30.000 kr til inngjerding og brenning av sosblomlokaliteten på Mån. Miljødirektoratet er i sitt strateginotat klare på at nye skjøttselsprosjekt ikkje skal prioriterast for 2022. Dette tiltaket kan sjåast på som ei utviding av den pågåande skjøttselen på Mån. Dette er og eit tiltak som vil være avgrensa til eit år. Det handlar og om å ta vare på ein kritisk truga art.

9. Bekjemping av parkslidrekne, Nordraheia, Sandnes

Sommaren 2021 kom det inn dokumentasjon på et ein relativt stor bestand av den svartelista arten parkslidrekne, hadde etablert seg på den tidlegare innmarka på den nedlagte husmannsplassen Følekammene i Nordraheia naturreservat. Denne bestanden må bekjempast umiddelbart før den spreiar seg vidare. Det leggst opp til å leige inn arbeidshjelp i tillegg til noko eigeninnsats.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30.000 kr til bekjemping av parkslidrekne i Nordraheia.

10. Rydding av søppel langs turstien til Kjerag, Fráfjordheiane, Sandnes

Den store folkemengda som besøker Kjerag genererer ein del søppel. Brukarundersøkinga og opplysningar frå SNO og STF tydar på at det tidvis er for mykje søppel langs stien. Det er viktig for dei



besøkande si oppleving av området at mengda søppel er så liten som mogleg. Mange aktørar ryddar allereie søppel på Kjerag, men det er behov for både ei betre samordning og ei auke av innsatsen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 20.000 kr til rydding av søppel på Kjerag

11. Utbetring av drifteveg, Storådalen, Lusaheia, Hjelmeland kommune

Deler av driftevegen i Storådalen vart etter Ulla-Førre reguleringa liggjande under vatn i nokre parti. Dette er til ulempe for sauedriftene og vanleg ferdsel i området. Nilsebu sameige har meldt inn at dei ønskjer å mure opp delar av driftevegen på eit særleg utsett parti. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 80.000. Prosjektet skulle har vore gjennomført i 2021, men måtte utsettjast til det er gjennomført ei synfaring på staden.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 50.000 kr til utbetring av driftevegen i Storådalen.

12. Informasjonsprosjekt i Jøsenfjorden, Nordraheia og Vormedalsheia, Hjelmeland kommune

Hjelmeland vil utvikle Jøsenfjorden som reisemål. Jøsenfjorden utgjer ein innfallsport til Nordraheia og Vormedalsheia som er lite kjent. Det skal lagast informasjonsbrosjyre, informasjonsfilm og informasjonsskilt. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 110 000.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 55.000 kr til informasjonsprosjektet. Ettersom tiltaket er ikkje ein del av besøksstrategien og er det usikkert om at det blir løyvd midlar av Miljødirektoratet, men tiltaket må sjåast på som ei supplering og utviding av SVR sin informasjon om desse verneområda.

13. Restaurering av Leirdalshytta, Dyraheio, Suldal kommune

Leirdalshytta er ei jordhytte som vart sett opp tidleg på 1800-talet og datt ned i 1940. Suldal fjellstyre vil nå sette hytta i stand. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 60 000.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30.000 kr til restaurering av Leirdalshytta. Ettersom tiltaket er ikkje ein del av besøksstrategien og er det usikkert om at det blir løyvd midlar av Miljødirektoratet.

14. Utbetring av kløvveg til Steinkilen, Dyraheio, Suldal kommune

Varmare somrar har ført til at den permanente snøfonna i Steinkileskardet smeltar bort. Dette har medført at den gamle kløvvegen på staden må leggast om. I den nye trasen for kløvvegen må det gjerast nokre mindre utbetringar i form av sprenging og oppmuring på eit kritisk punkt. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 60 000. Inne i dette prosjektet ligg og ein enkel dokumentasjon av tradisjonen med å ha med kløvhest på villreinjakt.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30.000 kr til utbetring av kløvvegen til Steinkilen. Ettersom tiltaket er ikkje ein del av besøksstrategien og er det usikkert om at det blir løyvd midlar av Miljødirektoratet.

15. Ferdselsteljingar på anleggsvegar, SVR, Dyraheio, Bykle, Sirdal og Suldal kommunar

Ein har relativt lite kunnskap om ferdsla på fleire av anleggsvegane i og inn mot verneområda. Dette gjeld både ferdsel med bil, sykkel og til fots. Tiltaket omfattar og teljing av fotturistar på stisegment ved Storsteinen turisthytte. Fleire stader kan denne ferdsla utgjere ei vesentleg forstyrring av mellom anna villreintrekk. SVR har derfor engasjert NINA for å gjennomføre slike teljingar sommaren 2022. Verneområdestyret hat forskottert 50% av kostnadane i 2021.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 75.000 kr til ferdselsteljingar på anleggsvegar.

16. Prosjektering av dagsturhytte på Hovdenuten, SVR, Bykle kommune

Hovdenuten er eit fantastisk utkikkspunkt mot verneområda på både Vestheia og Austheia. Her har SVR i samarbeid med Bykle kommune stått for bygging av steintrapper etter stien mot toppen. Dette arbeidet nærmar seg slutten, og neste trinn er bygging av ei dagsturhytte på toppen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 200 000 kr til arbeidet med slutføring av stibygging og planlegging og prosjektering av dagsturhytta på Hovdenuten.

17. Informasjonsskilt på Bortelid, SVR, Åseral

Bortelid er utpeikt som innfallspurt i besøksstrategien. I 2022 legg SVR opp til å sette opp to skilt på staden. Det vil være snakk om to store skilt (2200x950 mm).

Nøyaktig plassering må avklarast nærare med grunneigarane og kommunen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 80 000 kr til informasjonsskilt på Bortelid.

18. Informasjonsskilt i Solheimsdalen, SVR, Sirdal

Solheimsdalen er utpeikt som innfallspurt i besøksstrategien. I 2022 legg SVR opp til å sette opp to skilt på staden. Det vil være snakk om to store skilt (2200x950 mm).

Nøyaktig plassering må avklarast nærare med grunneigarane og kommunen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 80 000 kr til informasjonsskilt i Solheimsdalen.

19. Informasjonsskilt ved Ådneram, SVR, Sirdal

Ådneram er utpeikt som innfallspurt i besøksstrategien. I 2022 legg SVR opp til å sette opp to skilt på staden. Det vil være snakk om to store skilt (2200x950 mm). Det vil og bli sett opp eit mellomstort skilt (2200x750mm) ved startpunktet i Flatstøldalen.

Nøyaktig plassering må avklarast nærare med grunneigarane og kommunen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 115 000 kr til informasjonsskilt på Ådneram.

20. Informasjonsskilt på Knaben, SVR, Kvinesdal

Knaben er utpeikt som innfallspurt i besøksstrategien. I 2021 vart det sett opp eit skilt og i 2022 legg SVR opp til å sette opp eit skilt til på staden. Det vil være snakk om to store skilt (2200x950 mm).

Nøyaktig plassering må avklarast nærare med grunneigarane og kommunen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 40 000 kr til informasjonsskilt på Knaben.

21. Informasjonsskilt ved Høgaleite, Frafjordheiane, Gjesdal

Høgaleite er utpeikt som innfallspurt i besøksstrategien. I 2022 legg SVR opp til å sette opp skilt på staden. Det vil være snakk om to store skilt (2200x950 mm), samt eit mellomstort skilt (2200x750 mm) på Tverrå.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 115 000 kr til informasjonsskilt på Høgaleite.

22. Informasjonsskilt ved Røssdalen, Frafjordheiane, Sandnes

Røssdalen er utpeikt som innfallspurt i besøksstrategien. I 2022 legg SVR opp til å sette opp skilt på staden. Det vil være snakk om tre store skilt (2200x950 mm).



Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 120 000 kr til informasjonsskilt ved Røssdalen.

23. Informasjonsskilt på Nesflaten, Kvanndalen og Dyraheio, Suldal

Nesflaten er utpekt som innfallsport i besøksstrategien. I 2022 legg SVR opp til å sette opp skilt på staden. Det vil være snakk om tre store skilt (2200x950 mm) og fire mellomstore skilt (2200x950 mm) på startpunkta. Kvanndalsdammen, Sandvatnet, Bleskestad og Møstøl..

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 260 000 kr til informasjonsskilt på Nesflaten

24. Informasjonsskilt ved Galten, Hovden, Bykle

Ved innkøringa til vegen mot Galten i Hovden landskapsvernområde er det behov for eit skilt med ferdselsråd for område. Det vil være snakk om eit mellomstort skilt (2200x750 mm).

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 35 000 kr til informasjonsskilt ved Galten.

25. Informasjonsskilt på Fundingsland, Nordraheia, Hjelmeland

Fundingsland vart etablert som startpunkt i 2021, men ein hadde ikkje finansiering av informasjonsskiltet om Nordraheia. I 2022 legg SVR opp til å sette opp dette skiltet ved sidan av skiltet for Vormedalsheia. Det vil være snakk om eit mellomstort skilt (2200x950 mm).

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 35 000 kr til informasjonsskilt på Nesflaten

26. Informasjonsskilt ved Førrevassdammen, Lusaheia, Hjelmeland

Førrevassdammen er utpekt som eit frittstående informasjonspunkt i besøksstrategien. I 2022 legg SVR opp til å sette opp eit skilt om Lusaheia på staden. Det vil være snakk om eit mellomstort skilt (2200x750 mm).

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 25 000 kr til informasjonsskilt ved Førrevassdammen.

27. Informasjonsskilt ved Øvre Moen, Dyraheio, Suldal

Øvre Moen er utpekt som eit frittstående informasjonspunkt i besøksstrategien. I 2022 legg SVR opp til å sette opp eit skilt om Dyraheio på staden. Det vil være snakk om eit mellomstort skilt (2200x750 mm).

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 35 000 kr til informasjonsskilt ved Øvre Moen.

28. Villreininformasjon på Haukeliseter

I samarbeid med Norsk Villreinsenter og Stavanger turistforening ønskjer SVR og utarbeide informasjonsplakatar om villrein på Haukeliseter. Dette er ein svært viktig innfallsport til både SVR og Hardangervidda. Tiltaket inngår i Besøksstrategi for SVR.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30 000 kr til utarbeiding av villreininformasjon på Haukeliseter.

29. Erosjonstiltak på særleg slitt stisegment i verneområda

DNT-Sør og STF har i løpet av 2021 utarbeidd ei oversikt over stisegment kor det er behov for ulike tilretteleggingstiltak. Med utgangspunkt i besøksstrategien og nemnte rapportar, vil SVR gjennomføre tiltak på eit utval stisegment kor slitasjeproblema er særleg store.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 100 000 kr til erosjonstiltak på særleg slitte stisegment.



Innmelding av bestilling av tjenester av SNO i 2022

Sekretariatet har hatt eit bestillingsmøte med lokalt SNO om kva for verksemd som bør prioriterast i 2022. Med bakgrunn i desse innspela frå SNO, pågåande arbeid i verneområdet og egne erfaringar, har vi utarbeidd ei prioritert liste over tenester vi ønskjer frå SNO i 2022.

Oppdrag	Verneområde	Bakgrunn
Tilsyn/kontroll		
Kontroll og registrering av større byggetiltak	Alle	SVR lager ei liste over tiltak som bør kontrollerast og ei skisse til fordeling av kontrollverksemda mellom SNO og SVR
Kontroll av arrangementet Heliboogie ved Kjerag 22-25. juni	Frafjordheiane	Arrangement vart meldt til politiet i 2018 og 2020
Kontroll av motorferdsel og oppkøyringstid for Sesilåmi/Hovden Tour	SVR og Hovden	Viktig for villreinen at dispensasjonane blir følgt
Kontroll av kjentmannsturar	SVR	Ny dispensasjonar blir gitt i 2022
Kontroll av motorferdsel i sørområda	SVR	Vi har fått rapportar om ulovleg motorferdsel og tidlegare kontrollar har avdekka ulovleg motorferdsel. Særleg aktuelt i Hægebostad og Åseral. Helikopter kan med fordel brukast til å finne køyring
Kontroll av ATV løyver i Hægebostad	SVR	Køyresleper må kontrollerast og helikopter kan med fordel brukast til å få ei oversikt over omfanget
Vernegrense Vestli dam, Stikil, Åseral	SVR	Uklart i naturbase/vernekart om kor grensa går
Kontroll av tidspunkt for opning/stenging av Brokke-Suleskardvegen		Opne/stenge tidene blir endra frå mai 2022
Kontroll av legging av fiberkabel langs Brokke-Suleskardvegen		Eit omfattande arbeid med legging av fiberkabel skal gjennomførast sommaren 2022
Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)	SVR SVR, Frafjordheiane	Skilt manglar fleire stader mellom anna ved Knaben og Skåpet. SVR lager ei liste over dei mest aktuelle stadane
Oppsetting av nye løveskilt		
Vedlikehald av naturstien ved Håhellervatnet	SVR	Det er ein del terrengslitasje ved naturstien. Kloppegging med steinheller er eit aktuelt tiltak
Overvaking og utplassering av ferdselsteljar vegen til Store Urar	SVR	Overvaking av effektane av nytt bomregime
Ferdselsteljing i skiløyper ved Tjønnebrotbu og Berdalsbu	SVR, Hovden	Skaffe oversikt over mykje brukte skiløyper
Kartlegging/registrering/overvaking (inkludert bevaringsmål)		
Kontroll av status for rovfugllokaliteter	SVR	Sårbare hekkelokalitetar må overvakast. Viktig at SVR får ei god oversikt frå SNO ved handsaming av dispensasjonssakar
Naturvegledning/informasjon		
Orienteringar til verneområdestyret på styremøte		
Delta på verneområdestyret sine synfaringar		
Orienteringar på opne informasjonsmøte		
Deltaking på møte og synfaringar i tilsynsutvala		





**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/9469-0

Saksbehandler: Guro Sødergren

Dato: 07.12.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	61/21	16.12.2021

Svar på søknad om bygging av vedbod på fritidshytte i Grytdalen i Sirdal kommune, SVR-LVO

Forvalters innstilling

I henhold til forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. IV pkt. 1.3.c og retningslinjer for byggetiltak innenfor Grytdalen hyttefelt pkt. 2 får Torleiv Haus innvilget søknad om tilbygg på fritidshytte (gnr/bnr. 2/22) i Grytdalen i Sirdal kommune.

Vilkår

- Tilbygget skal ikke være større enn prosjektert i søknad datert 27.10.21 og skal være plassert slik det skissert i søknaden.
- Tilbygget skal være tilpasset terrenget, byggene skal ikke plasseres eller utformes slik at de virker ruvende og dominerende i landskapet, eller blir stående i silhuett.
- Byggene skal ikke være til hinder for tradisjonelt friluftsliv eller drifteveier/stier.
- Byggearbeidet skal foregå på en så skånsom måte som mulig for naturmangfoldet, planering av byggetomta er ikke tillatt.
- Alt avfall fra rivning og byggearbeidet skal fjernes og leveres på godkjent mottak.
- Det må søkes om eget løyve til motorisert ferdsel i forbindelse med transport av byggemateriale, utstyr og avfall.

Arbeidsutvalget innvilger søknad om tilbygg til hytte ved fritidshytte ved Grytdalen. Vedboden er et lite tilbygg som det er hjemmel for i forskrift og gi tillatelse til. Det er også egne retningslinjer fsom gir tilgang for å innvilge dispensasjon.


Saksopplysninger

Bakgrunn for søknad

Torleiv Haus søker om dispensasjon fra verneforskriften for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane å få bygge en liten vedbod ca. 1 meter fra fritidshytte i Grytdalen gnr/bnr. 2/22 i Sirdal kommune.



Vedboden er 6 kvm og er et tilbygg til hytta og plassert inn i en skråning for å være minst mulig synlig i terrenget. Tiltaket er gjennomført og det søkes i etterkant om godkjenning av tiltaket. Denne type saker behandles på lik linje og tilsvarende som søknader hvor tiltak ikke er gjennomført.



Oversiktskart over bebyggelse av hytter i Grytdalen. Fritidshytte 2/22 ligger plassert «innerst» i Grytdalen hyttefelt.



Bildene viser vedbod under oppbygging.



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

Hjemmelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde:

- “1. Å ta vare på et sammenhengende, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområder, beitelandskap og kulturminner.
2. Å ta vare på et sammenhengende fjellområde som leveområde for den sørligste villreinstammen i Europa. “

Verneforskrift

Verneforskriftens kapittel IV punkt 1.1 forbyr inngrep som “vesentlig kan endre landskapets art eller karakter”. Punkt 1.3: når tiltaket kan skje uten at det strir mot formålet med vernet kan forvaltningsstyremakta med vilkår gi løyve til c) mindre tilbygg til eksisterende bygninger.

Forvaltningsplan

Alle former for nybygg, i tillegg til utvidelser og ombygging av eksisterende bygninger er søknadspliktig.

Retningslinjer for byggetiltak innenfor Grytdalen

Fremtidige utvidelse i Grytdalen må imidlertid ikke endre landskapets art og karakter vesentlig fra det i dag fremstår som et småskala terrengtilpasset hyttefelt. Den totale bygningsmassen på den enkelte eiendom i Grytdalen varierer. Gjennomsnittsareal for hytter inkludert tilleggsbygninger er omtrent 75kvm bebygd areal (BYA). Med tilleggsbygning menes uthus, redskapsbod, vedskjul, anneks og lekehytte eller andre frittstående bygg. Tilleggsbygningen skal ikke ligge lenger fra hovedbygningen enn 4 meter.

Søknad om ettergodkjenning

Søknader om godkjenning etter at byggetiltak som er gjennomført behandles på lik linje og tilsvarende som søknader hvor tiltak ikke er gjennomført.

Forvaltningsmyndighet

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Frafjordheiene har forvaltningsmyndighet for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde.

Vurdering

Etter § 7 i Naturmangfoldloven skal de miljørettslige prinsippene i §§ 8- 12 legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, og denne vurderingen skal fremgå av beslutningen

Kunnskapsgrunnlaget § 8:



Tiltaket ligger plassert like innenfor vernegrensen til SVR landskapsvernområde innderst inne mot nord i hyttefeltet i Grytdalen.

Området der det søkes dispensasjon ligger innenfor leveområdet for villrein. Det er et trekkområdet for villrein ved Andersvatnet som krysser bilveien til Lysebotn. Det er ikke registrering på at trekket er blitt brukt på flere år. Muligheten for at tiltaket kan true villreinstammen er relativt liten.

Det er registrert leveområde og hekkelokalitet for rovfulg øst for Siravassdraget (sensitiv artsdata). Ut ifra det forvalter kjenner til har det ikke vært dokumentert hekking ved denne lokalitet på flere år.

Kunnskapsgrunnlaget er godt vurdert og undersøkt av forvaltningen.

Det blir derfor lagt mindre vekt på *føre var*-prinsippet i Naturmangfoldlovens § 9.

Naturmangfoldlovens § 10: (økosystemtilnærming og samla belastning)

Vassdraget som kommer fra Dygjandvatnet er påvirket av regulering med restvannføring fra Svartevassmagasinet. Grytdalen består av nærmere 50 fritidshytter som er delt mellom Lyseveien (Fv. 4224). Lyseveien er åpen for biltrafikk fra ca. 20 mai til første snøfall.

Naturmangfoldlovens § 11: (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaver skal dekke kostandene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

Naturmangfoldlovens § 12: (miljøforsvarlig teknikk og driftsmetoder)

I byggeperioden er det satt som vilkår i vedtaket at skal foregå på en så skånsom måte som mulig for naturmangfoldet. For transport av material og utstyr skal det brukes på båt.

Konklusjon

Arbeidsutvalget innvilger søknad om tilbygg til hytte ved fritidshytte ved Grytdalen. Vedboden er et lite tilbygg som det er hjemmel for i forskrift og gi tillatelse til. Det er også egne retningslinjer fsom gir tilgang for å innvilge dispensasjon. Behovet for vedboden er god dokumentert i søknaden. Fritidshytta har et samla areal på 63 m², i tillegg kommer vedbod med 6 kvm. Det samla arealet er innfor hva som er tillat for fritidshytter i verneområde. Tiltaket vil ikke være en trussel for verneverdier eller verneformål.

AU 62/21 Eventuelt